

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
009/17	Formannskapet	PS	08.02.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Grete Birkelid	16/47

Plan for frivilligpolitikk - oppnemning av politisk arbeidsgruppe

Vedlegg:

Prosjektmandat frivilligpolitikk

Prosjektmandat frivilligsentral

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Det vert oppnemnt ei politisk arbeidsgruppe med 5 medlem frå Heradstyret til utarbeiding av strategi for frivilligpolitikk».

Formannskapet - 009/17

FS - behandling:

Ordføreren gjorde slikt framlegg: "Saka vert oversend valnemnda for innstilling til heradsstyret."

AVRØYSTING

Framlegget vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

"Saka vert oversend valnemnda for innstilling til heradsstyret."

Saksopplysningar:

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Det er frå Regjeringa ei forventning om auka samarbeid mellom offentleg og frivillig sektor. Kommunen har søkt og motteke tilskot til arbeidet med å utvikle heilskapleg frivilligpolitikk.

Det skal utarbeidast ein strategi for samarbeid mellom kommunen og frivillig sektor i tilknytning til utarbeiding av heilskapleg frivilligpolitikk i kommunen. Kartlegginga av lag og organisasjonar i forbindelse med utvikling av frivilligpolitikk er gjennomført.

I planprogrammet for kommuneplanen sin samfunnsdel står det at ein skal diskutere korleis ein skal arbeide for å redusere sosiale skilnader med målsetting om ei betre helse for alle. Det står også at for å stimulere til eit godt oppvekstmiljø er ein viktig faktor å ha aktivitets- og fritidstilbod som eit tilbod til alle.

Vurdering

Arbeidet med utvikling av strategi for frivilligpolitikk har som mål å forankre samarbeidet mellom kommune og frivillig sektor både politisk og administrativt for å sikre heilskapleg frivilligpolitikk i kommunen. Det er behov for å ta omsyn til viktigheten av å styrke frivillige organisasjonar med tanke på både samfunnsutvikling, folkehelse, fysisk aktivitet og sosiale møteplassar. Frivillig sektor kan bidra med å redusere utfordringar som er utanfor kommunens rekkevidde. Resultat av kartlegginga som er gjort syner at fleire organisasjonar ynskjer samarbeid med kommunen og mellom organisasjonane.

Ein godt forankra frivilligpolitikk kan bidra til å redusere sosiale skilnader gjennom fysisk aktivitet, sosiale møteplasser og kjensle av tilhøyrse. I tillegg vil det stimulere til eit godt oppvekstmiljø gjennom å styrke aktivitets- og fritidstilbodet for alle.

Gjennom arbeidet med frivilligpolitikk må ein også drøfte innhaldet i frivilligsentralen. Det er viktig å ha avklart forventningar i forhold til dette frå politisk, administrativt og frivillig sektors hald. Frivilligsentralen vil vere eit viktig verktøy for å nå måla i frivilligpolitikken. Ein vil derfor også nytte arbeidsgruppene til å avklare rammer og retningslinjer for frivilligsentral.

Det er behov for drøfting av tenleg ressursbruk ved ulike organiseringar av frivilligsentral. Det er gjennom kartlegging av dei frivillige organisasjonane ytra eit behov for at nokon har ei overordna oversikt over frivillig aktivitet i kommunen.

Organisering

Vedtaksorgan - Heradstyret

Styringsgruppe – Rådmannens leiargruppe

Prosjekteigar – Rådmannen v/leiar for integrering og bustad

Prosjektleiar - Frivilligkoordinator

Administrativ arbeidsgruppe – Prosjektleiar med utpeikte representantar frå administrasjonen.

Politisk arbeidsgruppe – gruppe med eit medlem frå kvart parti i Heradstyret

For ein god og brei forankring av frivilligpolitikken både politisk og administrativt er det ønskeleg å nytta ei administrativ arbeidsgruppe med medlemmer frå fleire områder i kommunen sin organisasjon som berører plan-, helse-, oppvekst- og folkehelseområdet, og ei politisk arbeidsgruppe med medlemmar frå Heradstyret. Dette kan vere med på å sikra god forankring og eit godt samspel mellom fagområda, frivillig sektor og vedtaksmynde i kommunen.

Konklusjon

Rådmannen ber formannskapet velje ein representant frå kvart parti i Heradstyre til ei arbeidsgruppe for å utvikle strategi for frivilligpolitikk og avklare kva rolle og form frivilligsentralen skal ha.